



**Jostedalsbreen
nasjonalparkstyret**

Postadresse

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse

Rådhuset i Luster
Statens hjørne
6868 Gaupne

Kontakt

Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3133

fmvlpst@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyret.no/Jostedalsbreen

Medlemer i utvala

Sakshandsamar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2019/5041-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 12.01.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyret - referat etter dialogmøte 2021 - rådgjevande utval og administrativt kontaktutval

Møtestad: Thon Hotel Jølster, Skei

Dato: Måndag 29. November 2021

Tid: Kl. 11:00 – 16:00

Til stades frå rådgjevande utval:

Vestland bondelag: Merete Støfring

Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag: Ingolf Folven

Norsk bremuseum: Pål Hage Kielland

Jostedalsbreen nasjonalparksenter: Wenche Nesje

Breheimsenteret: Åslaug Hansegård

Universitetet i Bergen: Atle Nesje

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane: Erik Solheim

Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF): Geir Rune Rauset

Medlemer frå rådgjevande som ikkje hadde høve til å møte:

Visit Sognefjord: Ståle Brandshaug

Sunnfjord utvikling: Vidar Slettehaug

Visit Nordfjord: Marita Lindvik

Sogn og Fjordane Turlag: Rune Valsvik

Statsforvaltaren i Vestland: Tom Dybwad

Til stades av administrative kontaktpersonar:

Stryn kommune: Sonja Servan

Sunnfjord kommune: Solfrid Trå

Gløppen kommune: Bjørnar Eikenes

Administrative kontaktpersonar som ikkje hadde høve til å møte:

Sogndal kommune: Joakim Systaddal

Luster kommune: Aina-Elise Stokkenes

Til stades frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyret og administrasjon:

Styreleiar Ivar Kvalen – Luster kommune

Styremedlem Oddmund Klakegg – Sunnfjord kommune

Styremedlem Helge Stormoen – Vestland fylkeskommune



Marthe Gjerde – Nasjonalparkforvaltar
Tor Arne Hauge – Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen – Statens naturoppsyn (SNO)

Andre som var til stades:

Anne-Grete Nøttingsnes Rognsøy - Sunnfjord kommune
Kenneth Mangersnes – Jostedalsbreen nasjonalparksenter
Marte Meland – Breheimsenteret

Sakliste:

1. Velkommen

Styreleiar i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, Ivar Kvalen, ynskte velkomen til dialogmøte på Skei. Administrasjonen presenterte seg.

2. Kva har skjedd i Jostedalsbreen nasjonalpark dei siste to åra?

Anne Rudsengen SNO og Nasjonalparkforvaltarane Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge synte bilete og fortalde frå synfaringar, styremøte, tiltak, planarbeid og aktivitetar i og omkring nasjonalparken dei siste to åra. Presentasjonen starta i nordaust, øvst i Jostedalen, og fortsette rundt breen og enda lengst aust i Stryn.

Nokre kommentarar frå deltakarane undervegs:

- Det er trong for skilting av sårbare morenar i Haugadalen. - Solfrid Trå
- Det kostar å halde ved like. Vi må ikkje byggje meir enn ein har råd til. Til dømes vedlikehalde Skålastien framfor å byggje nytt? - Merete Støfring
- I område der ein ventar auka ferdsel er det viktig å gjere tiltak tidleg for å unngå at unødig slitasje oppstår, i staden for å vente til skaden har skjedd. Viss bruk av geiter, ta dei inn i områda tidlegare. - Ingolf Folven
- Nasjonalparken bør bruke sosiale media for å marknadsføre dei innfallsportane der ein ynskjer å styre trafikken. Har meir tru på sosiale media enn trykte kart. - Merete Støfring

3. Runde rundt bordet

Kvar einiskild var utfordra til å fortelje litt om korleis dei ser på forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark sett frå sitt område/fagfelt.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/Erik Solheim:

- Påpeikar at føremålet med vernet er å ta vare på naturen.
- Friluftslivet har sin plass i nasjonalparken som ei hindring mot andre tiltak som kan vere til sjenanse for friluftslivet!
- Forvaltninga må vere høgpuristisk.
- Det må ikkje bli som Trolltunga og Preikestolen i Jostedalsbreen.



- Den frie ferdselsretten er ikkje ein rett som kan nyttast av alle. Dei som ikkje meistarar tradisjonelt friluftsliv med lite bruk av teknisk tilrettelegging kan ikkje nytte seg av den frie ferdselsretten.
- Besøksstrategien må vere eit grunnlag for varsam forvaltning.
- Ingen grunn til å lokke fleire til Jostedalsbreen nasjonalpark når me har så mange besøkande i dag.
- Det som vert bygd i ein nasjonalpark skal vere vakkert!
- Viktig å tilpasse seg terrenget, og leggje trakkbanar nede i terrenget.
- Ikkje bruke trykkimpregnerte materialar. Einer er bra, vert mindre einsformig.
- Wire som sikring må ein vere svært forsiktig med. Færrast mogeleg stader og minst mogeleg lengde.

Universitetet i Bergen v/Atle Nesje

- Viktig å kome på offensiven og styre dei besøkande.
- Oppteken av å styre ferdsel unna dei finaste morenane
- Viktig å ha ein plan på innsamling og datering av reinsgevir som smeltar fram frå isen. Samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen. Det bør setjast av midlar årleg til dette arbeidet.
- Viktig å bruke besøkssentera aktivt i arbeidet med formidling av vernet og verneverdiane.
- Ynskjer enkel skilting av kvartærgeologiske element i og omkring parken, t.d. vise alder på moreneryggar i felt. Skiltinga i Oldedalen kan vere eit føredøme på enkel skilting. Bør gjerast i t.d. Austerdalen og Bødalen.
- Styring av turistar er vanskelegare etter at Instagram kom i bruk!
-

Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag v/Ingolf Folven

- Arbeidet med driftevegane i Sunndalen og Erdalen er viktig. Det gjer det enklare å ha beitedyr i desse stølsdalane.
- Lite beitetrykk og attgroing er likevel ei stor utfordring i stølsdalane.
- Skjøtselsplanane for Bødalen, Erdalen og Sunndalen, som er under utarbeiding, må følgjast opp med tiltak.
- Funna frå skjøtselplanarbeidet bør og nyttast aktivt i informasjonsarbeidet.
- Ynskjer at det vert lagt til rette med meir informasjon om Sunndalen og området rundt. Mykje interessant historie er knytt til dalen. Huset på Sunndalen gard kan vere ein aktuell stad for å formidle historia om Sunndalen, driftevegen og området rundt.
- Reinsjakta og historia knytt til den er viktig å presentere.
- Det bør jobbast med ein plan for informasjon om Sunndalen.
- Sunndalen og Erdalen eignar seg godt for dagsturar og for turar med barn.
- Ved styrt beiting bør det ikkje nyttast anna enn norsk geit, ikkje boergeit.

Vestland Bondelag v /Merete Støfring

- Opplever at nasjonalparkforvaltninga har god dialog med grunneigarane, det er lurt at forvaltninga har grunneigarar med på synfaringar.
- Det er lite konflikhtar, dersom det var høgt konfliktnivå ville Bondelaget blitt kontakta av medlemar!
- Bruk og vern går godt ilag.
- Nasjonalparkforvaltninga må passe på smittefare ved styrt beiting.
- Omlegging frå mjølkekyr til ammekyr kan vere ei utfordring for friluftsliv og ferdsel. Ammekyr oppfører seg annleis, dei passsar på kalven sin når dei er på beite.



Informasjon og kunnskap er viktig for å unngå uhell og konflikter mellom beitebruk og ferdsel/friluftsliv.

- Fleire og fleire er berre fokusert på å kome seg fram til enkelte instapunkt. Nasjonalparkforvaltninga bør vere aktive på Instagram for å prøve å styre ferdsel og interesse.
- Vi må passe på når nye fotogene stader vert populære og gjere tiltak raskt for å førebyggje problem.
- Fotopunkt kan bli ein "sidedsti" til hovudstien forvaltninga vil kanalisere ferdsla til, kan verte utfordrande med omsyn til grunneigarar og beitedyr.
- Ved styrt beiting bør forvaltninga nytte norsk geit, som bør sendast rett på slakt utan kontakt med resten av besetninga.

Sunnfjord kommune v/Solfrid Trå

- Drift og vedlikehald av tiltak og tilrettelegging er viktig.
- I Lundeskaret er det ønskeleg med ei ny gangbru, men Statens vegvesen vil ikkje ta på seg drift og/eller eigarskap.
- Sunnfjord kommune vurderer å bli nasjonalparkkommune. Er dette aktuelt for andre kommunar?
- Sunnfjord kommune ynskjer at det vert synt eit startpunkt i Lundeskaret på brosjyrekartet som er under arbeid.
- Sti i Langedalen, inst i Stardalen, er eit nytt prosjekt som Sunnfjord kommune ynskjer å få til. Denne og andre innfallsportar bør kartleggast for sårbarheit før tiltak.
- Ynskjer skilt i Haugadalen for å sperre for sårbare morenar og hindre uheldig ferdsel oppå og over desse morenane.

Kommentarar frå styreleiar Ivar Kvalen:

- Luster er nasjonalpark kommune.
- Haldninga har snudd. Mange såg på nasjonalpark(-ar) i kommunen som eit problem for innbyggjarane, no ser dei nasjonalparkane som eit kvalitetsstempel på naturen i kommunen.
- Tiltrår andre kommunar å søkje status som nasjonalparkkommune.

Gloppen kommune v/Bjørnar Eikenes:

- Vikar for utmarksforvaltar Lindis Bergland.
- Er med for å høyre kva som skjer kring nasjonalparken.

FNF Sogn og Fjordane v/Geir Rune Rauset:

- Nytilsett FNF-koordinator i Sogn og Fjordane
- Kontorstad på Sandane.
- Er med for å høyre kva som skjer kring nasjonalparken.

Breheimsenteret v/Åslaug Hansegård:

- Håpar på meir samarbeid med forvaltninga.
- Kan besøkssentera og forvaltninga samarbeide om informasjonsarbeid på sosiale media?

Norsk Bremuseum v/Pål Hage Kielland:

- Godt samarbeid med nasjonalparkforvaltninga.
- Lagar årleg nytt breturkart for Jostedalsbreen.



- Tilrettelegging for barnefamilier er viktig.
- Mykje interessante ferdselsdata frå Strava – Heat Map - kan brukast i forvaltninga.
- Resultata frå forskningsprosjektet Justice må brukast i formidlinga. Mange interessante tema med ny kunnskap m.a. om glacier mice, dyrelivet på isen etc.

Stryn kommune v/Sonja Servan:

- Stryn kommune skal søkje om å bli nasjonalparkkommune.
- Kommunen vil bruke Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 i arbeidet med samfunnsdelen.
- Mykje samarbeid med nasjonalparkforvaltninga i samband med søknadar om motorferdsel.
- Det er bra å bruke tettstadar som innfallsportar til nasjonalparken. Viktig å sjå desse sentrale innfallsportane i samanheng med dei mindre innfallsportane som ligg nærare vernegrensa.
- Vi bør halde på dei stiane som er. Fyrst og fremst leggje til rette der ein er i dag.
- Ynskjer å forvalte naturen både innanfor og utanfor vernegrensa og tenkje heilskapleg.
- Kan Jostedalsbreen nasjonalpark bruke sosiale medium betre og informere om verneføremål?

Jostedalsbreen nasjonalparksenter v/Kenneth Mangersnes:

- Held på å utforme ei ny utstilling med fokus på skred og skredhendingar.
- Sunndalen – det bør vere eit punkt i kartet (brosjyrekartet) som synleggjer Sunndalen på same måte som Erdalen.
- I neste nummer av tidsskriftet Villreinen kjem det tre artiklar om fangstanlegget for villrein som vart oppdaga i Fosdalen for eit par år sidan.
- Bra å bruke besøkssentera til å formidle resultat frå ulike undersøkingar og forskning som skjer i nasjonalparken.
- Kan ein felles strategi for dei tre besøkssentera og nasjonalparkforvaltninga gjeldande bruk av sosiale media vere aktuelt?
- Flostranda naturreservat bør vise på brosjyrekartet.

Jostedalsbreen nasjonalparksenter v/Wenche Nesje:

- Brukarundersøkinga - ta tak i denne!
- Kattanakken – skilting og formidling.
- Sosiale medium!
- Kan det vere ein tanke å søkje Miljødirektoratet om midlar til ei prosjektstilling som Nasjonalpark-influencer?
- Ynskjer å ha synleg forvaltning.

Kommentarar frå styremedlem Helge Stormoen:

- Synfaringar viktig for styremedlemane for å gjere seg kjende rundt nasjonalparken.
- Næringsutvalet i Vestland fylkeskommune har nyleg vedteke ein ny strategi der grønt og berekraft er ein raud tråd.
- Folk søker opplevingar.
- Under pandemien har mange små aktørar hatt tronge kår.
- Jostedalsbreen nasjonalpark "sysset" (indirekte) mange rundt breen.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er eit veldig interessant styre å sitje i!



Kommentarar frå styremedlem Oddmund Klakegg:

- Kampen mot attgroing er vanskeleg å vinne. Det er ein naturleg prosess når klimaet endrar seg og beitebruk i utmark vert redusert.
- Attgroing endrar landskapsbiletet i høve til tilstanden ved opprettinga av vernet. Det er mykje skog no der det var beitelandskap for 30 år sidan.
- Det må plukkast ut referanseområde som ein kan skjømte og halde opne, medan resten vil gro att i ein naturleg prosess.
- Vedlikehald og reparasjonar (stiar, bruer og andre tiltak). Det er viktig å diskutere kva nasjonalparkstyret skal vere med på og ikkje vere med på av slikt vedlikehald.
- Alle prognosar tyder på at vi vil få meir ekstremvær. Beredskap må difor tenkjast gjennom i samband med tilrettelegging kring nasjonalparken. Kva risiko tek me? Korleis redusere risiko?

Kommentarar frå Ingolf Folven:

- Kan nasjonalparkforvaltninga informere ålmenta, særleg turlag, om potensialet for fonnnfunn?
- Furu og/eller lerk bør nyttast når ein tilrettelegg med trevirke i parken (gangbanar, klopper etc.).
- Kantvegetasjon langs elvar bør somme stader ryddast. Kan hamne i elvar og medføre auka risiko for skadeflaum somme stader.

Kommentar frå Merete Støfring:

- Nasjonalparkforvaltninga bør vere med og informere om kva ein gjer dersom ein finn eit dautt husdyr.

4. Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027

Besøksstrategien for nasjonalparken vart ikkje presentert denne gongen, men nyheita om at strategien same dag vart godkjent av Miljødirektoratet gav applaus i salen.

Nasjonalparkforvaltarane presenterte kort arbeidet med **ny nettside**, og viste korleis denne vil verte bygd opp i tråd med designmanualen til merkevaren Norges Nasjonalparker.

Innspel frå Solfrid Trå:

- Haugabreen og Lundeskaret bør vere promoterte innfallsportar på nettstaden.

Innspel frå Merete Støfring:

- Det er viktig at det på nettstaden kjem fram at det bur folk ved mange av innfallsportane til nasjonalparken.
- Det må leggjast vekt på informasjon om allemannsretten og skilnaden på innmark og utmark.

Innspel frå Erik Solheim:

- Det bør informerast om vernegrensa og allemannsretten på nettsidene.

Det er viktig at det blir gjeve melding når nettsida er klar.



Utkast til brosjyrekart for (heile) Jostedalsbreen nasjonalpark vart presentert av nasjonalparkforvaltarane. Deltakarane hadde fått utdelt ein papirkopi i A3 som vart drøfta. M.a. vart det drøfta om campingplassar skulle vise på kartet. Innspela frå deltakarane var m.a.:

- Kartet ikkje må vere overfylt.
- Campingplassar – anten alle eller ingen? Konklusjonen var at campingsymbol ikkje bør visast på kartet.
- Innvik og Utvik må visast på kartet.
- Lundeskaret bør synast på kartet.

5. Tiltaksplanen for 2022 – innspel og drøftingar:

Førebels tiltaksplan for nasjonalparken for 2022 vart presentert av nasjonalparkforvaltarane. Deltakarane kom med innspel:

- Bør potten aukast ved Haugabreen?
- Kan forvaltninga ha dialog med destinasjonsselskapa om fellesgodefinansiering som kan nyttast ved tiltak?
- Er det planlagt fjerning av felt gran i Sunndalen som ligg til sjenanse?